

## **MEDVERKNAD, RÅD OG UTVAL**

Heilt sidan BAS starta i 1986 har skulen vore oppteken av studentmedverknad og viktigheita av studenten si stemme i utvikling av skulen og programmet.

Alle studentar ved BAS kan medverke og du har høve til å gjere dette på forskjellige måtar gjennom:

- Evaluering av kurs
- Representasjon i råd og utval
- Direkte tilbakemelding til for eksempel lærar, administrasjon, rektor, studentrepresentant, LMU
- I tillegg kan du nytte Sei ifrå. Her har du høve til å melde uønska, eller alvorlege hendingar. I SEI FRÅ kan du også melde anonymt, men merk då saksgang vidare.

<https://response.questback.com/stiftelsenbergenarkitekthgskol/seifraa>

## **EVALUERING:**

Alle kurs skal evaluerast, både av studentar og av lærar. I 1. avdeling er det klassen i fellesskap som utarbeider ei evaluering. Dette skjer på eit klassemøte kor også lærarane er tilstade. Klassen kan, viss dei ynskjer, gje tilbakemelding som ikkje er diskutert i fellesskap

Kva skjer vidare med evalueringa? Alle lærarar som har undervist i kurset, og klasse- og hjelpelærar får evalueringa frå studentane. I tillegg vil evalueringa verte diskutert i skulen sitt studiekvalitetsutval, SKU. Også lærarane leverer evaluering på kurset, og dette dannar grunnlag for eventuelle vidare tiltak.

Tiltak på bakgrunn av evaluering: I ein del tilfelle kan evalueringane føre til endringar. Dette er som regel tiltak som blir gjennomført neste gong kurset vert helde.

I 2. avdeling er evalueringa digital og kvar student gjev si individuelle tilbakemelding på kurset. Studentane får si tilbakemelding frå læraren først når han/ho har levert inn evalueringa.

## **REPRESENTASJON- RÅD OG UTVALG**

Det er studentrepresentantar i alle skulen sine råd og utval (unntak er administrative utval som til dømes lønsutvalet). Du finner organisasjonskart og informasjon og mandat for de forskjellige utvala under OM BAS på nettsida vår. Val av representantar til dei forskjellige utvala vert organisert av studentorganisasjonen på BAS, SOBAS og gjerast av studentane sjølv.

### *Styret:*

Styret er skulen sitt øvste organ og består av eksterne representantar, lærarar, studentar og administrasjon. Styret er ansvarleg for økonomi og drift og tilset også rektor.

### *Studiekvalitetsutvalet (SKU):*

SKU jobbar med studiekvalitet. Det dreier seg om utvikling og sikring av kvalitet i utdanninga, i resultata, i ressursane. Evalueringar, både frå studentar, lærarar men også frå sensorar er grunnlag for utvalets diskusjonar og arbeid.

Studiekvalitetsutvalet ser også alle utstillingar som studentane lager (for eksempel, juleutstilling av 1. klasse, 2. klasse-utstilling, 3. klasseutstilling og diplom).

Skulen har eit system for kvalitetssikring (KS) som styrer mykje av arbeidet til SKU. Heile systemet ligger på nettstaden vår, under OM BAS.

### *Læringsmiljøutvalet (LMU):*

LMU er ein pådrivar i læringsmiljøarbeidet og skal jobbe for at alle studentar har eit godt og trygt læringsmiljø. LMU har like mange studentrepresentantar som dei tilsette. Studentombodet er observatør. LMU diskuterer mange ulike saker og gjev innspel til styret om satsningsområder.

Informasjon om andre utval ligger under OM BAS.

### **SOBAS**

Alle val blir som sagt arrangert av SOBAS. I SOBAS sit studentrepresentantar frå kvar klasse, vald av klassen sjølv. SOBAS har mellom anna eit lite materialutsal, arrangerer til tider sosiale tilstellingar, filmkveldar eller anna. SOBAS kan du kontakte på [sobas@bas.org](mailto:sobas@bas.org)